



Tippetue Arkitekter AS  
Fantoftveien 44  
5072 BERGEN

Referanser:  
Dykkar: Olafia Zoega  
Vår: 14/1590 - 15/1994

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
03.02.2015

## Godkjenning - søknad om endring av gitt rammeløyve i høve til etasjeplan og fasade for blokk 1 i Løypetona felt B2 - gbnr. 23/509 i Meland kommune

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn:

Gjennom vedtak av 26.9.2013 gav Meland kommune rammeløyve til oppføring av 16 leilegheiter i lågblokk 1 i Løypetona felt B2, jf. DNT-sak 169/13. I ettertid har kommunen godkjent igangsetting av grunn-, betong- og utandørs røyrrarbeid tilknytt same tiltak, jf. vedtak av 1.7.2014 DNT-sak 182/2014.

Kommunen har i innanfor same byggjefelt godkjent særskilt søknad om samla opparbeiding av utomhusareal innanfor byggjefelt B2 som eige sak, jf. vedtak av 12.6.2014 i DNT-sak 153/2014.

Det vert no søkt om endring av føreliggjande rammeløyve, idet storleiken på bueiningane innbyrdes vert noe justert, jf. søknad m/ vedlegg dagsett 15.12.2014. Dei omsøkte endringane får ikkje betyding for samla tal på bueiningar, men inneber nokre mindre plan- og fasadeendringar med omsyn til plassering av interne veggjar og einskilde dører og vindauge, jf. plan- og fasadeteikningar vedlagt søknaden.

#### Kort om søknaden:

Formelt sett er det søkt om endring av gitt rammeløyve, men av innhaldet i søknaden går det fram at det i realiteten òg vert søkt om løyve til igangsetting (IG) av betong-, stål- og røyrrarbeider på blokk 1.

Administrasjonen vil i det følgjande ta stilling til søknaden om endring av rammeløyvet, medan søknaden om IG til av betong-, stål- og røyrrarbeider på blokk 1 vert handsama gjennom eige vedtak.

I samband med føreliggjande søknader om høvesvis endring av rammeløyve og IG vert det òg søkt om ulike ansvarsrettar. Desse søknadane om ansvarsrettar vert handsama i samband med søknaden om IG, idet administrasjonen legg til grunn at dei omsøkte endringane som skal vurderast gjennom føreliggjande vedtak kan godkjennast på bakgrunn av dei ansvarsrettar som allereie er godkjent gjennom vedtaket om rammeløyve av 26.9.2013, saml. administrasjonen si vurdering av dette på s. 2 flg. i rammeløyvet.

## Vurdering

På bakgrunn av opplysningane i søknaden m/ vedlegg finn administrasjonen at vilkåra for å fritta den omsøkte endringa for ytterlegare varsling er til stades, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 21-3 andre ledd.

Administrasjonen godkjenner at fasadeliv og arealfordelinga til leilegheitene i blokk 1 vert endra i samsvar med søknad og vedlagte teikningar journalført motteke 15.12.2014. Ut over dette gjeld dei krav og vilkår som følgjer av rammeløyvet av 26.9.2013 i DNT-sak 169/13.

## Vedtak

*«I samsvar med søknad m/ vedlegg dagsett 15.12.2014 godkjenner Meland kommune, i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd, følgjande endring i tidlegare gitt rammeløyve av 26.9.2013 i DNT-sak 169/13:*

- *Vedlagte plan- og fasadeteikningar (teikn.nr. A\_20\_1\_1a og b, teikn.nr. A\_20\_1\_2a og b, teikn.nr. A\_45\_1\_NØ og A\_45\_1\_SV dagsett 1.11.2013) erstattar vedlagte plan- og fasadeteikningar (teikn.nr. A1-20-2, A1-20-3, A1-40-1 og A1-40-2 dagsett 18.6.2013) som vart godkjent gjennom rammeløyvet.*
- *Ut over dette gjeld dei krav og vilkår som følgjer av høvesvis nemnde rammeløyve, vedtak av 1.7.2014 om godkjent igangsetting (IG) av grunn-, betong- og utandørs røyrrarbeid i DNT-sak 182/2014 og vedtak av 12.6.2014 om løyve til samla opparbeiding av utomhusareal innanfor byggjefelt B2 i DNT-sak 153/2014.*

*Før det vert gitt ytterlegare løyve til IG må tiltakshavar dokumentere at ovannemnde krav og vilkår vert stetta. Tiltakshavar er elles ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gitt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven, jf. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet.*

*Rammeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.*

*Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.»*

\*\*\*

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om rammeløyve vert ettersendt, jf. høvesvis Plan- og bygningsloven § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Godkjente og oppheva plan- og fasadeteikningar pr. 4.2.2015  
FAKTURAVEDLEGG 2014

**Kopi til:**

JM Norge AS

**Mottakere:**

Tippetue Arkitekter AS

Fantoftveien 44 5072

BERGEN